

Informasjon til føresette på Valderøy usk 04.01.2021

Smittevern er no på raudt nivå, førebels fram til 18.januar 2021 på alle ungdomsskular i landet. Det er viktig at vi alle saman tek dette på største alvor, og følgjer dei retningslinjene som Udir har sett.

Vi ber om forståing for at fråvær i tilsettgruppa kan vere utfordrande framover. Alle tilsette og elevar må vere førebudd på endringar på kort varsel, også evt beskjed om at planlagde skuledagar må føregå som heimeskule.

### **OM SMITTEVERN RAUDT NIVÅ**

- Ingen sjuke skal møte på skulen
- God hygiene
- Unngå fysisk kontakt mellom personar (handhelsing og klemming)
- Dele elevar inn i mindre kohortar
- Kohortane bør ha faste klasserom
- Tilsette bør kome til klasserommet
- Tilstrebe ein meter avstand mellom elevar/tilsette
- Unngå trengsel og store samlingar
- Halde avstand i pausar/friminutt og unngå kontakt mellom ulike kohortar
- Vurdere alternative oppmøtetider for elevar

Slik praktiserer vi raudt smittevernnivå ved Valderøy ungdomsskule:

#### **HAND- OG HOSTEHYGIENE**

- Alle elevar skal vere kjent med rutinar for god handhygiene og skånsam handvask. Plakatar for god hand- og hostehygiene skal henge oppe i alle klasserom.
- Alle på skulen er med på å gjennomføre rutinane vi har med handvask og god hostehygiene  
Vi vaskar hender:
  - ✓ ved skulestart
  - ✓ før mat
  - ✓ ved nysing/hosting
  - ✓ etter toalettbesøk
- Vi minner kvarandre på at vi ikkje skal ta oss sjølv i ansiktet med ureine hender.

#### **ORGANISERING AV SKULEDAGEN OG KONSEKVEN SAR FOR ELEVANE**

- Ved raudt nivå er mindre gupper på rundt 20 elevar per lærar rekna for å vere ein kohort. Her er det mogleg å auke kohortstorleiken med nokre få elevar basert på eleven sin alder og moglegheit for å halde avstand. Det er knytt ein til to kontaktlærarar til kvar klasse, samt faglærarar. Elevane har ikkje høve til å gå inn i andre sine klasserom.
- Skuledagen er i utgangspunktet frå 08.10 – 14.05. Her kan det kome hurtige endringar med t.d. ulik start og slutt på skuledagen for dei ulike gruppene/klassene/trinna.
- NB! Elevane som har rett på skuleskyss kan ta skulebussen, men dette bør avgrensast så langt som råd, dersom det er mogleg. Dersom føresette har høve til å køyre egne born til

skulen denne perioden, er sjølvsagt det det beste. Busselskapet har lova at dei no set inn større bussar.

- Ved bruk av offentlig transport bør elevane halde avstand til andre, også når dei ventar på bussen.
- Vi ber om at alle elevar som ikkje kjem med buss, kjem til skulen rett før 08.10, slik dei oppheld seg kortast mogeleg på skuleplassen før oppstart. Hald avstand også ute.
- Klassene følger timeplan som dei får utdelt, men alle må vere førebudd på at her kan endringar kome på kort varsel.
- Eleven skal ha fast plass i det faste klasserommet sitt.
- Elevane skal halde seg til eige klasserom eller vere utandørs i friminutta då kohortane i minst mogeleg grad skal blandast. Det er ikkje høve til å gå inn på andre sine klasserom.
- Ordenselevar i kvar klasse vaskar pultane etter matpausen.
- Vi minner kvarandre om å halde avstand mellom personar. Vi passar på å motverke trengsel. Elevane sine mobilar er oppbevart i mobilhotellet heile skuledagen.
- Eleven har i samarbeid med heimen ansvar for å desinfisere ipad og mobil jamleg.
- Vi unngår å låne eller dele utstyr så langt det lar seg gjere. Bøker og anna utstyr kan bli frakta mellom skulen og heimen.
- Elevane nyttar faste inngangsdører ved start og slutt på skuledagen, slik:

Klasse/ kohort	Elevar	Lærer	Rom	Inngang
8a	19	Erlend og Sindre	A111	Inngang v biblioteket
8b	29	Norunn og Jan Ove	A114	Gym/street
8c	27	Trude og Arild	A109	Nødutgang
8d	28	Natalie og Kristian	A116	Inngang ved biblioteket
9a	29	Cathrin og Maria	E201	Hovudinngang
9b	27	Sølvi og Simon	E207	Hovudinngang
9c	30	Eva S og Miriam	E200	Hovudinngang
10a	22	Amund	A209	Nødutgang
10b	21	Eli Kristin	A215	Inngang ved biblioteket
10c	22	Svein Harald	A214	Gym/street
10d	24	Randi og Evy	A211	Inngang ved biblioteket

- Vatndispensaren i street´n kan nyttast. Bruk desinfeksjon på displayet etter bruk. Hald avstand.
- Kantina er midlertidig stengt.
- Det er ikkje høve til å nytte bordtennisborda framover då elevar i minst mogeleg grad skal nytte street´n.
- Fotballbingen er open framover. I langfriminuttet kan ei gruppe elevar halde på i 15 minutt. Ta omsyn til avstand mellom elevar. Kontaktlærer har ball til si klasse.
- I langfriminuttet kan ikkje elevane gå til butikken eller utanfor skulen sitt område.

#### RUTINAR VED SYMPTOM PÅ LUFTVEGSSJUKDOM ELLER SJUKDOM

Elevar skal sjølv ved milde luftvegssymptom og kjensle av sjukdom halde seg heime til dei er symptomfrie. Symptom på luftvegsinfeksjonar er forkjøling og lett hoste, kjensle av sjukdom, hovudverk og muskelsmerter. Magesmerter kan forekomme. Når de skriv melding om denne type

fråvæer, er det viktig at de også skriv årsak til fråværet, og om eleven er frisk nok til å jobbe med skularbeidet heimanfrå.

Elevar som får symptom på luftvegsinfeksjon på skulen blir sendt heim. Eleven bør bli henta av føresette, og unngå kontakt medan dei ventar, enten på eige rom eller ute. Grupperommet i resepsjonen er sett av til formålet. Dei dette gjeld skal unngå offentleg transport.

Om ein i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, men ikkje stadfesta covid-19, skal eleven møte på skulen som normalt. Desse skal gå heim frå skulen om dei får symptom.

Om ein i husstanden har fått stadfesta covid-19, vil nærkontaktar bli haldt i karantene etter gjeldande råd frå helsemyndigheitene. Ingen personar som er i karantene skal møte på skulen.

Dersom ditt born har ekstra behov for samtale med t.d. kontaktlærer, miljøterapeut eller spes.ped.lærer kan de ringe, sende mail eller Transpondermelding og melde behovet, slik at den det måtte gjelde, finn tid til dette.

Skuleklokka vil vere utkopa i denne perioden, då dei ulike lærarane og teama vil legge opp skuledagen litt ulikt, men start og slutt blir den same. Likt for alle klassene blir også at elevane får heimeundervisning fredag 15.januar, i tillegg til andre fastsette dagar som teamet/kontaktlærer sender dykk melding om.

Valfag, tilvalsfag, mat og helse etc vil i all hovudsak bli lagt til heimeskuledagane der elevane får egne oppgåver dei skal jobbe med.

Klarar vi å halde oss til dette i 14 dagar, vil vi kanskje få bukt med smitta, men då må ALLE vere med, og vi må alle gjere det vi kan for å stoppe den negative utviklinga!